



Tanum menighetsråd

REFERAT

Møtestad:	Servicerommet ved Tanum kyrkje
Møtedato:	20.11.2019
Tid:	18-21
SAKLISTE NR:	10/2019

Deltakarar: Erling Sølvik, Asle Zimmermann, Marit Elisabeth Kobro, Elisabet Romøren, Kari Espelid, Ragni Haga, Berit Moe, Sissel Erene Tindeland.

Forfall: Sven Marius Utklev Gjeruldsen-Halle, Odd Steinar Bjørneby, Jan Hansen.

Sak 74/2019 Godkjenningar:

- Utsendt innkalling/saksliste.

Nye saker: 2 punkt under sak 75/2019 Meldingar/ref/infosaker, Ny sak 84/2019

Blomeutdeling til eldre over 85 år i Tanum menighet og 85/2019 Vigsling av kateketen i Tanum kyrkje 12.01.2020.

- Referat frå møtet 23.10.2019.

Vedtak: Innkalling/saksliste og referat godkjent. Underskrifter protokollen til forrige mr: Elisabet Romøren og Asle Zimmermann. Underskrifter det konstituerande møtet i nytt mr: Ragni Haga og Marit Kobro.

Sak 75/2019 Meldingar/referat-og infosaker

- AU-møtet mellom Stavern, Berg, Kjose og Tanum 06.11.2019 (vedlegg)
- Kurs for nye MR 28.11.2019 i Østre Halsen kyrkje–felles påmelding (vedlegg)
- Presentasjon av nytt MR 24.11.2019 i Tanum kyrkje (e-post 01.11.2019)
- NMS-avtalemeneighet (vedlegg)
- Respons frå statsministerens kontor på vedtaket i sak 70/2019 (Menneske utan rett til opphald i verda). Uttala sendt over til Utanriksdepartementet som ansvarleg fagdepartement. Også respons frå Ap og SV.
- Invitasjon til KN's inspirasjonssamling 17.01 2020
- Konstituerande møte i LKFR 20.11.2019

Vedtak: Vi tek meldingar/referat- og infosaker til orientering.

Sak 76/2019 Møteplan vinteren/våren 2020

Vedtak: Vi vedtek AU's korrigerede forslag til møteplan:

AU-møte	MR-møte	Andre møte
15.01.	22.01.	
12.02.	26.02.	
11.03.	18.03.	08.03. Menighetens årsmøte
15.04.	22.04.	
06.05.	13.05.	
10.06.	17.06.	

Sak 77/2019 Ansvarsområde/Arbeidsfordeling

Notat (vedlegg)

MR gjer ei vurdering og skaffar personar i høve til behov. MR kjem tilbake med endeleg oppnemning.

Vedtak: Vi arbeider vidare for å skaffe personar til ulike oppgåver.

Sak 78/2019 Sportskapellet 23.02.2020

MR har ansvar for ei kapellteneste pr halvår. Tanum har fått ansvaret for denne sundagen. Ansvaret gjeld den praktiske delen, leing og andakt. (Ekstern musikal)

Vedtak: Elisabet, Erling, Ragni, sannsynlegvis Berit.

Sak 79/2019 Budsjett 2020, førebuande vurderingar

Kasserar la fram ei vurdering av inntekts/utgiftsrammene for 2020 som grunnlag for vidare budsjettarbeid.

Vedtak: Vi tek informasjonen til etterretning. Kasserar gjer ferdig eit budsjettforslag til behandling i januarmøtet.

Sak 80/2019 Avskrivning av tap på fordringar 2019 Jamfør sak 02/2019 og 64/2019.

Det er 2 konfirmantar som framleis ikkje har betalt avgifta, kr 3000, trass i 3 purringar.

Vedtak: Utestående, kr 3000, under funksjon 220/1475 blir avskrivne i rekneskapet for 2019.

Sak 81/2019 Kyrkjeoffer 2020 (vedlegg fylgde innkallinga)

Soknepresten har laga eit utkast til kyrkjeoffer for 2020.

Vedtak: Vi vedtek oppsettet for kyrkjeoffer. Soknepresten får ansvaret for å setja dette inn i gudstenestelista. Vi tek ein meir prinsipiell diskusjon om fordelinga i løpet av fyrste halvår.

Sak 82/2019 Orgelsaka,- status pr. nov 2019

Leiar av orgelkomiteen gav status pr nov.2019. Bygginga av orgelet er i gang i Nederland.

Vedtak: Vi tek informasjonen om orgelsaka til orientering.

Sak 83/2019 Samling i Tanum prestegard ons 11.12.2019

Det neste møtet vårt blir todelt:

- Kl 18-19, MR-møte i Servicebygget
- Kl 19-? Årsavslutning i prestegarden for medlemene av det nye og det forrige menighetsrådet samt tilsette, alle med evt ektefeller. Vi gjekk gjennom arbeidsfordelinga.

Sak 84/2019 Utdeling av blomar til eldre over 85 år i Tanum menighet

Utan fungerande diakoniutval er dette ei oppgåve menighetsrådet må prøve å løyse (som i 2018).

Vedtak: Tanum mr prøvar å ordne med blomehelsingane i år også. Kari får hovudansvaret.

Sak 85/2019 Vigsling av kateketen i Tanum kyrkje 12.01.2020

Vår nye kateket i Tanum og Kjose skal vigslast i Tanum kyrkje av biskopen i Tunsberg
sundag 12. januar.

Vedtak: I samarbeid med Kjose legg vi opp til kyrjekaffe i Heradshuset på Tanum etter
vigslingsgudstenesta. Erling tek hovudansvaret for dette.